

Betydningen av å vere der - Akkurat no

Varmestova stengte for ein halv time sidan. Kl 0100 bankar det på likevel. Eg opnar. Utanfor står ei jente, lita og tynn. Eg ser så vidt ei tåre renne nedover kinnet hennar. "Kan eg hjelpe deg?" spør eg. "Kan eg berre få kome inn litt?" ho krymper seg, veit at vi har stengt.

Ho kjem inn. Vert ståande litt rådvill midt på golvet. Veit ikkje heilt om ho kan våge å setje seg. Eg finn fram ein kopp kakao. "Versågod, berre sit ned." Ho set seg. Eg set meg attmed henne, tek handa hennar. Ho begynner å gråte. Eg hentar papir. Ventar. Stryk henne over kinnet. Litt etter litt fortel ho kva som gjer henne så trist. Ho har hatt tre overdosar på kort tid. Ho hatar onkelen sin. Ho kranclar med familien sin. Ho vart voldtatt for ei veke sidan. Ho vart kasta ut av kjærasten sin. Ho er så fryktelig einsam. "Stakkar jenta mi". Eg veit ikkje anna å seie. Ho gret på skuldera mi ei stund. Kl har blitt 0145. "Det var godt med kakao" seier ho. "No kan eg gå. Takk for at eg fekk vere her ei stund." Eit lite smil streifer andletet hennar. Ho går ut i natta aleine og lita, men ikkje like einsam.

Av sykepleier Marte Bygstad-Landro

